

Læreplan i vg3 bilpleiefaget

Fastsett som forskrift av Utdanningsdirektoratet 16. juni 2021 etter delegasjon i brev av 13. september 2013 frå Kunnskapsdepartementet med heimel i lov 17. juli 1998 nr. 61 om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova) § 3-4 første ledd.

Gjeld frå 01.08.2021

Om faget

Fagrelevans og sentrale verdier

Vg3 bilpleiefaget handlar om bilpleie på køyretøy og utstyr. Faget medverkar til at lærlingane lærer å utføre ettersyn, vedlikehald og utbetring av alle typar interiør og eksteriør. Faget skal medverke til ei meir berekraftig utvikling i samfunnet ved å fremje forståing for at miljøvennlege produkt, gjenbruk av materiell og varetaking av materielle verdier kan vere med på å redusere belastninga på klimaet og miljøet. Vidare skal bilpleiefaget fremje fagleg identitet, vise fram yrkestradisjonane og medverke til at arbeidslivet har kvalifiserte bilpleiarar.

Alle fag skal bidra til å realisere verdigrunlaget for opplæringa. Vg3 bilpleiefaget skal medverke til at lærlingane utviklar kritisk tenking gjennom arbeid med praktiske oppgåver med bilpleie på køyretøy og utstyr, der vala og utføringa har innverknad på prosess og resultat. Refleksjon over korleis pleieprodukt og -metodar påverkar miljøet og sosiale forhold, vil fremje det etiske medvitet deira. Lærlingane utviklar skaparglede og engasjement gjennom å erfare korleis fagkompetansen deira medverkar til at overflatene, og dermed køyretøya, varer lenger.

Kjerneelement

Helse, miljø og sikkerheit

Kjerneelementet helse, miljø og sikkerheit handlar om bruk av verneutstyr og regelverk for helse, miljø og sikkerheit på arbeidsplassen. Vidare handlar det om kjennskap til og bruk av miljøvennlege bilpleieprodukt og ergonomiske arbeidsmetodar. Kjerneelementet handlar òg om å gjere risikovurderingar ved bruk av løfteutstyr og elektrisk verktøy og å sikre at arbeidet på køyretøy med ulike drivkjelder og sikkerheitssystem skjer under trygge forhold.

Produktkunnskap og teknologi

Kjerneelementet produktkunnskap og teknologi handlar om kjennskap til og bruk av teknologisk utstyr og produkt som er tilgjengelege på marknaden. Kunnskap om kjemien og bruksområda til produkta og korleis ein nyttar teknologien, inngår i kjerneelementet. Vidare handlar det om teknologiske metodar for å reparere defekte overflater innvendig og utvendig på køyretøyet.

Kvalitetsvurdering og dokumentasjon

Kjerneelementet kvalitetsvurdering og dokumentasjon handlar om å beskrive arbeidsoppdrag, planleggje arbeidsprosessen og gjere tids- og

kostnadsoverslag. Det handlar òg å gjennomføre eit oppdrag i samsvar med spesifikasjonar og produsentkrav for å betre kvaliteten på overflatene. Vidare handlar det om dokumentasjon av arbeidsprosessar og kritisk refleksjon over val av arbeidsmetode, produkt og resultat.

Kundekontakt og kommunikasjon

Kjerneelementet kundekontakt og kommunikasjon handlar om å kommunisere og samarbeide med kundar og kollegaer med ulike bakgrunn og kultur. Det handlar òg om å forstå ønska og behova til kunden og overføre dette til rett behandlingsmetode. Vidare handlar det om å vise respekt for ulikskap og å reflektere over korleis den enkelte kan medverke til eit godt arbeidsmiljø på verkstaden.

Tverrfaglege tema

Berekraftig utvikling

I Vg3 bilpleiefaget handlar det tverrfaglege temaet berekraftig utvikling om kunnskap om korleis material- og produktval og reparasjonsmetode påverkar klima, miljø og sosiale forhold. Det handlar òg om å ta medvitne miljøval ved avfallshandtering og resirkulering av materiale og produkt.

Grunnleggjande ferdigheiter

Munnlege ferdigheiter

Munnlege ferdigheiter i vg3 bilpleiefaget inneber å kommunisere med kundar og diskutere faglege løysingar med arbeidskollegaer. Det inneber òg å bruke fagspråk for å beskrive og forklare ulike arbeidsoppgåver, unngå feil og misforståingar og gjere seg forstått.

Å kunne skrive

Å kunne skrive i vg3 bilpleiefaget inneber å planleggje, utforme og leggje til rette arbeidsordrar, rapportar og dokumentasjon. Det inneber òg å forklare og kommunisere med kundar og kollegaer om kva som blir gjort under utføringa av faglege oppgåver.

Å kunne lese

Å kunne lese i vg3 bilpleiefaget inneber å finne fram i og følge arbeidsbeskrivingar, regelverkprosedyrar, bruksrettleiingar og teikningar. Vidare inneber det å bruke datablad og faglitteratur for å utforske og reflektere over faglege emne og problemstillingar, og å bruke kjelder på ein kritisk måte som lar seg etterprøve.

Å kunne rekne

Å kunne rekne i vg3 bilpleiefaget inneber å gjere utrekningar, kostnadsanalysar og kalkulasjonar knytte til arbeidsprosessane. Det inneber òg å berekne ressursbruk ved ulike materialval og areal og gjere målingar av overflater på køyretøy.

Digitale ferdigheiter

Digitale ferdigheiter i vg3 bilpleiefaget inneber å bruke digitale ressursar for å hente inn aktuelle reparasjonsmanualar og produktbeskrivingar til planlegging, produksjon og dokumentasjon. Vidare inneber det å bruke diagnoseverktøy, kommunisere med kundar og kostnadsberekne oppdrag digitalt.

Kompetansemål og vurdering

Kompetansemål og vurdering vg3 bilpleiefaget

Kompetansemål

Mål for opplæringa er at lærlingen skal kunne

- velje og bruke verne- og sikkerheitsutstyr ut frå arbeidsoppdrag og reflektere over korleis ulike arbeidsstillingar påverkar kroppen fysisk
- vurdere risikoen ved arbeidsoppdrag i tråd med kvalitetskontrollsystemet til bedrifta
- oppbevare, bruke og avhende kjemikalier og anna spesialavfall etter gjeldande regelverk
- forstå og nytte produkt- og sikkerheitsdatblad
- nytte og halde ved like verktøy, maskiner og utstyr
- registrere avvik og skrive avviksrapportar
- reflektere over sikkerheitsprosedyrar ved handtering og reparasjon av ein skadd bil med alternative drivkjelder
- forklare aktive og passive sikkerheitssystem og tilpasse arbeidet etter systema
- rettleie kundar og følgje rutinane for kundebehandling og fagetiske normer i bedrifta
- vurdere og dokumentere kvaliteten på utført arbeid
- reflektere over korleis ein sjølv kan bidra til godt arbeidsmiljø og kvalitet i utført arbeid
- utføre bilpleie i tråd med reglar for helse, miljø og sikkerheit
- tileigne seg produktkunnskap til å velje rett produkt til ulike typar behandlingar og utbetringar av interiør og eksteriør
- velje og bruke utbetningsmetodar og pleieprodukt ut frå omsyn til økonomi, miljø og sosiale forhold

- velje reinhaldsmetodar og gjennomføre reinhald for ulike typar overflatemateriale utvendig og innvendig på køyretøy og ulike objekt
- velje arbeidsmetode og utføre overflatebehandling etter tilvisingane frå produsenten og for å beskytte overflater innvendig og utvendig på køyretøyet eller objektet
- gjere greie for lakkoppbygging på ulike overflater og identifisere ulike typar overflatedefektar, velje reparasjonsmetodar og utbetre småskadar på lakk, interiør og eksteriør
- utbetre mindre glasskadar på køyretøy
- demontere og montere ulike komponentar utvendig og innvendig på køyretøyet eller objektet
- gjere greie for partssamarbeidet i bedrifta og reflektere over kva plikter og rettar arbeidsgivaren og arbeidstakaren har, og kva krav og forventningar som er stilte til eit likeverdig og inkluderande arbeidsliv.

Undervegsvurdering

Undervegsvurderinga skal bidra til å fremje læring og til å utvikle kompetanse. Lærlingane viser og utviklar kompetanse i vg3 bilpleiefaget når dei bruker kunnskapar, ferdigheiter og kritisk tenking til å løyse arbeidsoppgåver i faget.

Instruktøren skal leggje til rette for lærlingmedverknad og stimulere til lærelyst gjennom varierte arbeidsoppgåver. Instruktøren skal vere i dialog med lærlingane om utviklinga deira i vg3 bilpleiefaget. Lærlingane skal få høve til å uttrykkje kva dei opplever at dei meistrar, og reflektere over eiga fagleg utvikling. Instruktøren skal gi rettleiing om vidare læring og tilpasse opplæringa slik at lærlingen kan bruke rettleiinga for å utvikle kompetansen sin i faget.

Vurderingsordning

Sluttvurdering

Før fagprøva må alle som ikkje har følgd normalt opplæringsløp, ha bestått ein skriftleg eksamen laga ut frå læreplanen i faget. Eksamen blir utarbeidd sentralt og sensurert lokalt. Eksamen skal ikkje ha førebuingssdel.

Opplæringa i vg3 bilpleiefaget skal avsluttast med ei fagprøve. Alle skal opp til fagprøva, som skal gjennomførast over minst tre yrkedagar.☒



Læreplan

Bilpleiefaget

Med veiledende punkter

Kompetansemål

Mål for opplæringen er at lærlingen skal kunne

1. Velge og bruke verne og sikkerhetsutstyr ut ifra arbeidsoppdrag og reflektere over hvordan ulike arbeidstillinger påvirker kroppen fysisk

Omfatter blant annet:

- Kunne velge og bruke korrekt personlig verneutstyr til de ulike arbeidsprosesser
- Sikre kjøretøyet og omgivelsene slik at arbeidsoppdraget kan utføres på en trygg måte
- Velge og bruke arbeidsmetoder som gjør at det unngås unødig belastning på kropp og helse
- Helse Miljø og sikkerhet

2. Vurdere risikoen ved arbeidsoppdrag i tråd med kvalitetskontrollsystemet til bedriften

Omfatter blant annet:

- Sette seg inn i kontrollrutiner av løfteutstyr og være sikker på at årskontroller blir gjennomført
- Være klar over hvilke kontroll og vedlikeholdsrutiner av maskiner og utstyr som gjelder i bedriften
- Bevisstgjøring om bruken av ulike produkter i forhold til miljø og egen helse
- Helse Miljø og sikkerhet

3. Oppbevare, bruke og avhende kjemikalier og annet spesialavfall etter gjeldende regelverk

Omfatter blant annet:

- Forstå konsekvensen ved feil håndtering av avfall og finne sikkerhetsprosedyrer
- Sette seg inn i regelverk for kildesortering og oppbevaring av farlig avfall
- Helse Miljø og sikkerhet

4. Forstå og bruke produkt- og sikkerhetsdatablade

Omfatter blant annet:

- Lærlingene må vite hvor datablader finnes og deretter kunne lese og forstå disse
- Kunne forklare hvordan dette gjøres i din bedrift
- Vite forskjellen på et produkt data-blade og sikkerhetsdatablade
-
- Lærlingen skal også kunne lese og forstå produsentens anvisninger og benytte dette i praksis.
- Helse Miljø og sikkerhet

5. Bruke og holde ved like verktøy, maskiner og utstyr

Omfatter blant annet:

- Bruke riktig verktøy tilpasset arbeidsoppdraget
- Riktig bruk av verkstedets verktøy maskiner og utstyr F.eks; Poleringsmaskiner, slipemaskiner, rensemaskiner, lakksprøyte, forarbeidssoner, løftebord, belysning, osv.
- Beskriv vedlikeholdsrutiner på din arbeidsplass
- Helse Miljø og sikkerhet

6. Registrere avvik og skrive avviksrapporter

Omfatter blant annet:

- Registrerer og rapportere avvik på produkter om dette skulle oppstå
- Registrere og rapportere om avvik på utført arbeid
- Rapportere om avvik på sikkerhetsrutiner
- Rapportere og rapportere om avvik på maskiner og utstyr
- Helse Miljø og sikkerhet

7. Reflektere over sikkerhetsprosedyrer ved håndtering og reparasjon av et kjøretøy med alternative drivkilder

Omfatter blant annet:

- Forstå konsekvensen ved feil håndtering og finne sikkerhetsprosedyrer
- Unngå skader i forbindelse med høye temperaturer ved tørking
- Hva sier bilprodusentens veiledning om sikker frakobling av høyspenningsanlegg?
- Gjør rede for hvilke alternative drivkilder vi har og om det er spesielle hensyn og forsiktighetsregler man må ta
- **Helse Miljø og sikkerhet**

8. Forklare aktive og passive sikkerhetssystemer og tilpasse arbeidet etter systemene

Omfatter blant annet:

- Forklare forskjellen på aktiv og passiv sikkerhet.
- Nevn eksempler på hver av dem
- Hva kan dette bety for oss av hensyn til våre arbeidsmetoder
- **Helse Miljø og sikkerhet**

9. Rettlede kunder og følge rutinene for kundebehandling og fagetiske normer i bedriften

Omfatter blant annet:

- Rettlede kunder i rutinemessig vedlikehold
- Forklare kunden om de ulike vedlikeholdsprogram som tilbys
- Forklare kunden hvilke produkt som anbefales i forhold til pris og varighet
- Imøtekomme kunden med respekt og forståelse og lytte til kundens behov og ønsker
- Ivareta kundens eiendom med respekt
- **Helse Miljø og sikkerhet**

10. Vurdere og dokumentere kvaliteten på utført arbeid

Omfatter blant annet:

- Kvalitetssjekk av utført arbeid
- Dokumentere utført arbeid i henhold til arbeidsordre
- Dokumentasjon på valgte produkter og kjemi av hensyn til miljø og varighet
- **Helse Miljø og sikkerhet**

11. Reflektere over hvordan du selv kan bidra til godt arbeidsmiljø og kvalitet i utført arbeid

Omfatter blant annet:

- Kunne kommunisere med arbeidskollegaer og ledelse
- Vise omtanke og respekt for andre på arbeidsplassen
- Samarbeide med kollegaer
- Reflektere over arbeidsmetoder og produktvalg
- Delta aktivt i arbeidsmiljøet.
- **Helse Miljø og sikkerhet**

12. Utføre bilpleie i tråd med regler for helse, miljø og sikkerhet

Omfatter blant annet:

- Finne frem til og bruke produkter med tanke på helse og miljø
- Bruke arbeidsmetoder av hensyn til miljø og sikkerhet
- Finne frem til best mulige arbeidsmetoder av hensyn til ergonomi og egen helse
- **Helse Miljø og sikkerhet**

13. Tilegne seg produktkunnskap til å velge rett produkt til ulike typer behandlinger og utbedringer av interiør og eksteriør

Omfatter blant annet:

- Kunne velge best an vennlige produkt i forhold til jobben som skal utføres
- Tilegne seg kunnskap om kjemien av de ulike produkter
- **Helse Miljø og sikkerhet**

14. Velge og bruke utbedringsmetoder og pleieprodukter ut ifra hensyn til økonomi, miljø og sosiale forhold

Omfatter blant annet:

- Bruke den mest an vennlige utbedringsmetoden ut fra miljø
- Bruke pleieprodukter ut fra økonomi og miljø
- Bruke arbeidsmetoder av hensyn til støy og sosiale forhold
- **Helse Miljø og sikkerhet**

15. Velge renholdsmetoder og gjennomføre renhold på ulike typer overflatematerialer utvendig og innvendig på et kjøretøy eller objektet

Omfatter blant annet:

- Kunne redegjøre for ulike typer avfettinger
- Valg av riktig renholdsmetode av de ulike overflatematerialer innvendig i kjøretøyet
- Helse Miljø og sikkerhet

16. Velge arbeidsmetode og utføre overflatebehandling etter tilvisninger fra produsenten og for å beskytte overflater innvendig og utvendig på kjøretøyet eller objektet

Omfatter blant annet:

- Kunne utføre en 2-steg og 3-steg polering
- Kunne utføre en lakkforsegling etter produsentens anvisninger
- Legge beskyttelse på plastdetaljer utvendig og innvendig
- Kunne utføre impregnering av skinnseter
- Kunne utføre impregnering av tepper og tekstiler for god beskyttelse
- Helse Miljø og sikkerhet

17. Gjøre rede for lakkoppbygging på ulike overflater og identifisere ulike typer overflatedefekter, velge reparasjonsmetoder og utbedre småskader på lakk, interiør og eksteriør

Omfatter blant annet:

- Gjøre rede for lakkoppbygging og kvalitet på ulike kjøretøy modeller
- Kunne bruke en My-måler
- Gjøre rede for de mest vanlige lakkdefekter som kan forekomme
- Kunne utføre en lakkutbedring med utflekking
- Kunne utbedre lakkskade etter steinsprang
- Utføre en lyktreparasjon
- Utføre en skinnreparasjon
- Utføre reparasjon på tekstiler
- Helse Miljø og sikkerhet

18. Utbedre mindre glasskader på kjøretøy

Omfatter blant annet:

- **Vurdere skade på glass og begrunne reparasjons metode.**
- **Utføre reparasjoner av ulike glass skader.**
- **Finne og følge veiledning og lovverk for slike reparasjoner**
- **Helse Miljø og sikkerhet**

19. Demontere og montere ulike komponenter utvendig og innvendig på kjøretøyet eller objektet

Omfatter blant annet:

- **Demontering og montering av detaljer innvendig i kjøretøyet av hensyn til den jobben som skal utføres**
- **Demontering og montering av utvendige detaljer på kjøretøyet av hensyn til den jobben som skal utføres**
- **Helse Miljø og sikkerhet**

20. Gjøre rede for partssamarbeidet i bedriften og reflektere over hvilke plikter og rettigheter arbeidsgiver og arbeidstaker har, og hvilke krav og forventninger som stilles til et likeverdig og inkluderende arbeidsliv

Omfatter blant annet:

- **Kjennskap til arbeidsmiljøloven**
- **forstå forpliktelsene for partene i arbeidsavtalen som er inngått**
- **kjenne til lønnsforhandlinger**
- **Forventningsavklaring mellom partene**
- **Ansvarsfordeling arbeidsgiver-arbeidstaker**
- **Beskrive samarbeidet mellom arbeidsgiver og arbeidstaker i din bedrift**